



Kanopadling var ein kjekk del av prosjektet.

Å arbeida saman i aldersblanda prosjektgrupper er ei god læringsform. Det har elevane ved Uskedal skule gjort ei veke med tema Sjø og vatn. Vi har fått ein god tekst og mange flotte bilete frå prosjektet. Les det, studèr bileta, legg særleg merke til innhaldet i veggavisene. Då får vi innblikk i alt dei lærer på ein kjekk måte:



Både elevar og fiskar var smilande!

I ei heil veke no har elevane ved Uskedalen skule leika, forska, fiska, laga mat, kunstverk og mykje meir med emnet sjø og vatn som utgangspunkt. Redningsvest og fiskestong har vore bekledding denne veka. Elevane har vore i aldersblanda grupper frå 1.-7. klasse og hatt ein til to aktivitetar for dagen. Odd Steinar har hatt med seg elevar ut på fjorden og sett garn, trekt garn og fiska frå båten. Største fangsten vart ein diger torsk på 8 kg! Den gjekk i fiskekakene på Fiskekjøkkenet som Aud-Jorunn har stått for. Der har dei laga verdens beste skulefiskekaker.

Elevane har hatt forsøk med vatn og testa vatnet sine eigenskapar. Det kjekkaste var nok å lage såpebobler. Gruppene har også hatt kvar sin dag på i båthamna der dei har fiska med stong. Den merkelegaste fangsten å få på stong, var ein akkar. Andre hadde betre fiskelykke og drog opp fleire makrellar og lyr. Andre har leika seg med vatn i bekk og sett opp kvernkall og laga demning.

Kvar gruppe har vore på tur inn til Folgefonnsenteret og sett på utstillinga om vatn der. Det er blitt eit lærerikt senter!

Kunst har også vore ein del av prosjektet. Borna har laga flotte kunstverk i fjøra av materiale, skjel, tang m.m.

som dei har funne der. Dette heiter Landart og er kunstverk som har kort haldbarheitstid då floa skyljer dei vekk.

Krabbane i skulefjæro har hatt ei hard veke og antakeleg er alle rømt til Hawaii. Dei har blitt plukka og sjekka grundig av elevane som studerte Livet i fjæro.

Inne har dei dei jobba med trykk og laga gymposar/handlenett og ei innhaldsrik veggavis med fakta om alt frå fisk til lure tips i kano. Me var så heldige å få låna kanoane til Friluftsrådet i 3 dagar, så det vart padla heile dagen med ein følgjebåt «på slep». Kanskje skulle nokre lest dei lure tipsa om kanopadling før dei la i veg? Tre elevar fekk seg ein tur i vatnet og det vart ein kald fornøyelse, men redningsvestane var forskriftsmessig på og alt gjekk vel! Tusen takk til Torgeir Øye, Kjetil Myklebust og Otto Myklebust som stilte opp med båtar og var med Hilde og kanogruppene på tur!

Elevar og tilsette ved Uskedalen skule ynskjer alle lesarar ein riktig god sommar med håp om sol og varme!



Fiskelykke



Landfiske - fakta på veggavis



Makrell fiska på stang.



Steiking av verdens beste fiskekaker.



Endå nokre til i steikepanna



Fiskekjøkken - fakta på veggvis.



Krabbeliv i fjøro.



Kva finst i garnet, mon tru?



Delfin



Fisketrykk.

Tekst og foto: Lilli Britt Urheim

Nett: Thor Inge Døssland(då eg ikkje fekk inn alle bilda her, kjem fleire bilde i saka under.)